

DRAUMEPARKEN DISKGOLFDESTINASJON



DISKGOLF I DRAUMEPARKEN

I diskgolf (frisbeegolf) er målet å kaste sine diskar gjennom ei bane på færrest mogleg kast. Dette anlegget har to baner: Idrettsparken 9-hols bane (nybyrjarvenleg) og Draumeparken 22-hols bane (for vidarekomne).

KORLEIS SPELAR EIN ?

Du startar på bana frå hol 1 ved ei utkastmatte (tee-pad). Eit skilt ved utkastet (tee-sign) fortel kva reglar som gjeld for holet. Som hovudregel tek du ditt neste kast frå der disken din landa. Du tel antal kast du brukar for å få disken i korga. Ei pil i korga fortel retninga du skal gå til neste utkast. Er det fleire som kastar i lag, er det alltid den som er lengst frå korga som tek neste kast. Når gruppa er ferdig på eitt hol, skriv ein ned antal kast (poeng).

FØRE SCORE: BRUK APPEN UDISC

I appen UDISC kan du søke opp bana vår. Her finn du relevant informasjon, og du kan starte å føre poeng/score i appen. Poeng notera ein fortløpande i appen når ein går ein runde. Alle korger har eit "par", som er tydeleg markert på skilt ved utkast.

Vi set pris på attendemelding i appen når du er ferdig med runden!

DIGITALT OVERSIKTSKART OG BANEKART - Scan QR-kode med kamera (www.diskgolftmetrix.com)

Draumeparken 22-hols bane



Idrettsparken 9-hols bane



TRYGGLEIK

Vis omsyn for andre menneske, dyr og naturen rundt deg. Diskane når høg fart når ein har lært seg enkel teknikk, så kast aldri ein disk dersom du har eit menneske, dyr, bilar e.l. foran deg, eller ikkje har oversikt over terrenget rundt deg.

HEIMESIDE OG KONTAKTINFO

www.sendebrettlaug.no
Facebook gruppe "Solund Sendebrettlaug"
Kontakt: post@sendebrettlaug.no / +47 406 32 299

PS: Diskgolfanlegget er etablert gjennom fantastisk dugnadsinnsats. Ei gåve kan vippast til Solund Sendebrettlaug #105866 dersom du vil bidra med fasiliteter og vedlikehalde av diskgolfanlegget :-). Takk!

BAKKEGROPA

1

PAR 3

Lengde:


46 m

Høgd: 10 m

Ingen OB eller mando.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2015



SKARET

2

PAR 3

Lengde:
85 m


Høgd: 1 m

OB:

I myr, i- og over
elv, bakkant av
korg og til høgre i
fjellskrent. Vanlige
OB-reglar.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2015



MOLDMYRANE

3

PAR 3

Lengde:
85 m


Høgd: -1 m

Mando:

Til høgre for merka tre.
Passerer du utanfor,
kast på ny frå
droppsona (+1
straffekast). Deretter
vanlige OB-reglar.

OB:

I myr.

**SOLUND**
SENDEBRETTLAUG
EST. 2015

DRAUMEPARKEN

DRAUMEPLASSEN

4

PAR 3

Lengd: 105 m

Høgd: 1 m

Mando:


Dobbelmando mellom tre. Passerar du utanfor, kast på ny frå droppsone (+1 straffekast. Deretter vanleg OB-reglar.

OB:

Utanfor markerte OB-linjer. +1 straffekast ved OB.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2010



DRAUMEPARKEN

HAVØRNA

4A

PAR 3

Lengde: 46 m


Høgd: -5 m

Hazard:

Dersom disken landar i hazard får du +1 straffe-kast. Ditt neste kast skal vere frå der disken ligg, sjølv om den ligg i hazard.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2010



DRAUMEPARKEN

SOGNEFJORDEN

4B

PAR 3

Lengd: 114 m


Høgd: -4 m

OB:

Innanfor myrområde med tilhørende terreng mot høgre og nedanfor skrent. OB merka med pinner og vardar. Vanlege OB-reglar og +1 straffekast ved OB.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2015



DRAUMEPARKEN

STILLE FØR STORMEN

4C

PAR 3

Lengd: 91 m


Høgd: 0 m

OB:

Innanfor myrområde
markert med OB-pinner.
Vanlege OB-reglar.



SOLUND
SENDEBRETTLAG
EST 2015



DRAUMEPARKEN

GO BIG, OR GO HOME

4D

PAR 4

Lengd: 151 m

Høgd: -7 m


NB - OB regel

Ved OB på første kast, gå til droppsone (+1 straffekast).

Frå droppsone gjeld vanlege OB-reglar.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2015



KYSTARBORETET

5

PAR 3

Lengde:
55 m


Høgd: **-1 m**

OB:

Ved OB på første kast, gå til droppsone (+1 straffekast). Elles vanlige OB-reglar.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2015



DRAUMEPARKEN

FREDSPLASSEN

6

PAR 3

Lengd: 70 m

Høgd: -1 m

Mando:


Til høgre for tre. Passerar du utanfor, kast på ny frå droppsone (+1 straffekast).

OB:

Over gjerdet. Vanlege OB-reglar



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2015



DRAUMEPARKEN

LANGBAKKEN

7

PAR 3

Lengd: 110 m

Høgd: 11 m

Mando:


Til høgre for tre. Passerar du utanfor, kast på ny frå droppsone (+1 straffekast).

OB:

Innanfor OB-linjer på hol 5.
Vanlege OB-reglar



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2015



EDENS HOL

8

PAR 3

Lengde:
73 m


Høgd: 0 m

OB:

Over gjerde til
venstre. Vanlige
OB-reglar.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2015



KLATREVEGGEN

9

PAR 3

Lengde:
47 m


Høgd: -13 m

OBS:

Pass på! Ikkje kast om det er folk langs veg.

OB:

OB-øy. Dersom bom på øya, kast på ny frå droppzone (+1 straffekast). Deretter vanlige OB-reglar.



1000-ÅRSSTADEN

10

PAR 3

Lengde:
87 m


Høgd: 8 m

OBS:

Pass på! Ikkje kast om det er folk langs veg, og før ein veit at fairway på fjellplatået er fri for folk.

OB:

I vatnet. Vanlige OB-reglar.



UTSIKTEN

11

PAR 3

Lengde:

69 m

Høgd: 0 m

OBS:

Pass på! Ikkje kast om det er folk i fairway på tilstøytande hol.

Mando:


Trippelmando mellom merka tre. Passerer du utanfor, kast på ny frå utkast (+1 straffekast).

OB:

I vatn og myr, og i utkastområde til neste hol. Vanlige OB-reglar.



SOLUND
SENDEBRØTTLAUG



DRAUMEPARKEN

LERKESVINGEN

12

PAR 3

Lengd: 43 m


Høgd: -10 m

OB:

Innanfor myrområde med tilhørende terreng mot høgre og nedanfor skrent. OB merka med pinner og vardar. Vanlege OB-reglar og +1 straffekast ved OB.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2015



RAMNENIPA

13

PAR 3


**Lengde:
60 m**

Høgd: 16 m

**Ingen OB eller
mando.**



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST. 2010



UREN, LUREN

14

9

PAR 3

Lengde:
37 m

Høgd: 4 m

Mando:


Mellom tre. Passerer du utanfor, kast på ny frå droppsone (+1 straffekast). Deretter vanlige OB-reglar.

OB:

Over elv før passering av mando, deretter asfaltkant ved idrettsanlegg.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2015



DRAUMEPARKEN / IDRETTSPARKEN

HIMMELTUREN

15

7

PAR 4

Lengde:

120 m

Høgd: 17 m

PAR 3

Lengde:

50 m

Høgd: 1 m

Mando:


Til høgre for tre.
Passerer du utanfor,
kast på ny frå
dropsone (+1
straffekast).

OB:

Asfalkant ved
idrettsanlegg.
Vanlige OB-reglar.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2015



DRAUMEPARKEN

ØRNEFLOGET

16

PAR 3

Lengd: 56 m

Høgd: -18 m

OBS:


Pass på! Kast aldri om det er folk i klatrepark. Ver elles merksam på kastarar på tilstøytande hol. Høgste holnummer har forkjøringsrett.

OB:

Idrettsanlegg og utanfor markerte OB-linjer ved tilstøytande hol. Vanlege OB-reglar (+1 straffekast).



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2016



DRAUMEPARKEN

VOLLEN

17

PAR 3

Lengd: 90 m

Høgd: 8 m

OBS:


Ver obs på kastarar på tilstøytande hol. Høgste holnummer har forkjøringsrett, men hugs god kommunikasjon.

OB:

Som anvist på kartet, i tillegg til idrettspark og i fairway på tilstøytande hol.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
EST 2016



LAUGSKORGA

18

3

PAR 3

Lengde:
47 m

Høgd: 7 m

OBS:

Undersøk om det er folk i idrettspark. Vent, eller gje beskjed så dei er merksam på kastet.

Mando:

Til venstre for lysmast. Passerer du på feil side, kast på ny frå utkast (+1 straffekast).

OB:

Idrettsanlegget, grensegjerdet mot byggefelt og i bakkant av korg.



SOLUND
SENDEBRETTLAUG
est. 2015

